

Til årsmøtet i Hareid Idrettslag 23.mars 2022

Kontrollnemnda si melding for 2021

Kontrollnemnda si oppgåve etter Norges Idrettsforbunds lov § 2-12 er å føre tilsyn med Hareid Idrettslag sin økonomi. Vidare skal kontrollnemnda sjå til at laget sine midlar er nytta i samsvar med lover, vedtak, løyvingar og økonomiske disposisjonar er i samsvar med laget si norm og vedtak gjorde av årsmøtet. Kontrollnemnda skal vidare forsikre seg om at Hareid Idrettslag sin interne økonomikontroll er hensiktsmessig og forsvarleg.

Kontrollnemnda skal sjå til at rekneskapsføringa er påliteleg, og at årsrekneskapen gjev eit korrekt uttrykk for Hareid Idrettslag si drift og finansielle stilling. Kontrollutvalet skal ved gjennomgang av rekneskapane vurdere Hareid Idrettslag si finansielle stilling, forvaltning og drift.

Kontrollnemnda sitt arbeid i 2021

Kontrollnemnda har hatt to telefoniske møter og eit fysisk møte med revisor 10. mars der den reviderte rekneskapen vart gjennomgått.

Vi har gjennomgått styret sine protokollar, samt andre dokument som det har vore naudsynt å gå gjennom. Kontrollnemnda har fått dei opplysningar som vi har bede om frå styret, administrasjonen og lagets revisor. Styret i Hareid Idrettslag si årsmelding for 2021 og den styrebehandla rekneskapen for 2021 er gjennomgått.

Kontrollnemnda har følgjande merkander til den mottekne rekneskapen:

Jamvel som pandemien har sett sitt preg på dei idrettslege aktivitetane i dette året, har det vore lagt ned eit stort arbeid for å tilrettelegge for auka aktivitet. Realisering av den nye turnhallen vil krevje mykje arbeid framover.

Kontrollnemnda sitt inntrykk er at det er god kontroll både med en finansielle sida og framdrifta av prosjektet. Ein vil likevel nemne at den nye hallen fører til at lagets balanse vil overstige 23 millionar kroner og det resulterer i at ein må engasjere ekstern revisor.

Kontrollnemnda sitt klare inntrykk er at idrettslaget har eit godt system for økonomihandtering, rekneskapsføring og revisjon som verkar svært trygt.

Rekneskapen viser eit overskot på 1,472.569 kroner, og ved årsavslutning 2021 auka den frie eigenkapitalen med 1,445.460 kroner til 7,728.239 kroner.

Kontrollnemnda har merka seg at der ikkje er lagt ved vareteljingsliste eller utstyr- og eigendelsoversikt i balansen. Dette bør kome på plass då det er eit krav ifølge veilederen frå idrettsforbundet

Behandling av personopplysningar

Kontrollnemnda peika i meldiga i fjor på at laget burde ta ein gjennomgang av rutiner for innsamling, saksbehandling, lagring og sletting av personopplysningar. Tiltrådinga gjekk på at dette burde nedfelles skriftleg og leggest fram for årsmøtet som melding.

Nemnda kan ikkje sjå at dette er fylgt opp og ein vil – i lys av kor viktig dette er – igjen tilrå at styret gjennomfører ein slik gjennomgang.

Konklusjon

Kontrollnemnda tilrår at Hareid Idrettslag sin rekneskap og årsmelding for 2021 vert godkjent av årsmøtet.

Hareid 14.mars 2022



Olav Sindre Rise



Bernhard Harkjerr